NORSahel

# Årsmelding 2016

## Styrets samansetning
Leiar: Øyvind Hope
Styremedlemmer: Tahani Siddik Berge, Anne Thorild Omland, Øyvind Tveit, Kristin Parkinson Vågen, Anita Haugstad Haugsjå. Styret i NorSahel valde å utvide styre med ein person i 2016

## Styremøte
Det er avhalde 4 styremøte i 2016.

## Verksemdas art og kor ho blir driven
NorSahel er ein ikkje-statleg, non-profit, uavhengig organisasjon som er registrert i Norge. NorSahel arbeider for å kanalisere langsiktig og bærekraftige bistand til Mali i Vest Afrika. NorSahel arbeider i Mali og har eit kontor med ein stadleg representant i landet.

## Organisasjonens føremål
NorSahel vil arbeide for varig fred og berekraftig utvikling i Mali.
NorSahel vil arbeide for å gje hjelp til å betre levekåra til menneske i Mali, spesielt til rurale område, med fokus på born og kvinner. NorSahel vil spesielt fremje helse og utdanning av afrikanske kvinner. Vi ynskjer å gje dei verktøy til å utvikle seg, då kvinnene representerer eit stort utviklingspotensiale.
Alle aktivitetane skal vere tydeleg forankra i lokalt og nasjonalt eigarskap for å sikre bærekraft.

## Samarbeidspartnarar
NorSahel har i 2016 utvida og bygd opp samarbeid med fleire aktørar. Den viktigaste støttespelaren vår har vore og er Kavlifondet. Kavlifondet er langt ifrå ein passiv givar. Dei er veldig klare på kva for strategi dei støttar og også nøye med administrative rutinar. Spesielt må vi trekke fram Kavli-fondet sin vektlegging av strategi; Kavli-fondet vil tenke nytt og innovativt og ikkje berre gå i gamle spor, dei vil ha bistand og hjelp som er berekraftig. Vår klare strategi med å knyte oss opp til myndigheitene i Mali støttar dei fullt ut.
Vi må også nemne den viktige funksjonen Ekspertgruppa har i nyfødt og HBB prosjektet i Mali. Vedlagt denne rapporten følgjer ein presentasjon av gruppe. Denne gruppa har hatt mange telefonmøte og også hatt 2 dags møter i 2016.
Via ekspertgruppa og Ola Didrik Saugstad har samarbeidet med Pediatrisk Forskingsinstitutta blitt mykje vidareutvikla i 2016. Prosjektet har også fått eit nært og godt fagleg samarbeid, både på forsking og på implementering, med Laerdal Global Health i Stavanger. Dette kom særlig til uttrykk ved at Karoline M. Linde kom heile vegen til Dakar midt på sommaren for å ta del i seminaret organisert av NorSahel der.
Vi må til slutt nemne det gode samarbeidet vi har bygd opp med helsemyndigheitene i Mali, det er sjølve nøkkelen til å lukkast. Vi har også godt samarbeid med dei to kommunane som omfattast av sykkelprosjektet vårt.

## Aktivitet
**Av spesielle hendingar:**
I mai 2016 blei det arrangert ein vellukka Kick Off i Kristiansand. Ca. 30 personar møtte på kvelden, som var lagt opp til eit ungt publikum. NorSahel er fortsatt lite kjent i Kristiansand, men potensiale her er stort. Prosjekta til NorSahel blei presentert og det vart halden utlodding til inntekt for prosjekta i Mali. Det kom inn i overkant av 11 000 på kvelden til prosjekter i Mali. For første gong blei Vipps tatt i bruk av NorSahel. Vi oppretta ein Vipps konto rett før denne kvelden.
I juni 2016 samla ungdomskulen Fiskå skule i Vågsbygd Kristiansand inn over 50 000 til sykkelprosjektet under operasjon dagsverk. Folk frå NorSahel besøkte skulen og gav info og Hølje Haugsjå deltok under ein overrekking av sjekk i storfriminuttet.

I oktober 2016 samla Nissedal ungdomskule for tredje året på rad inn pengar til syklar for ungdomskulejenter i Tambaga. Øyvind Tveit frå NorSahel hadde kontakt med skulen. Og Hølje Haugsjå deltok på arrangement på skulen.
I november arrangerte vi igjen Mali-kveld i Treungen. Også denne gongen i samarbeid med Nissedals koret. Nærare 100 møtte og det vart samla inn over 21 000 på denne kvelden til prosjekt i Mali.
Nissedal Kommune vedtok i november å gje 50 000 til NorSahel, der halvparten av pengane var øyremerka sykkelprosjektet.
NorSahel har også ein del faste gjevarar. Nokre er enkeltpersonar , men fleire og fleire lag og foreiningar støtter arbeidet i Mali fast. Av desse kan namnast: Yngres/barneforeninga på Fjone, Sundagskulane i Treungen og Felle, Friklubben i Frikyrkja(til haust 2016) og soknerådet i Nissedal. Når det gjeld sistnemnte gjekk dei inn for å gjere NorSahel til sitt faste diakoni-prosjekt og avtale blei inngått haust 2016. Dei samlar inn fast i kyrkjene og har som mål 40 000 i året i minst 3 år framover.

**Informasjonsarbeidet**

NorSahel utarbeida hausten 2016 ein heilt ny logo. Den nye logo har ein tydeleg symbolikk og fargane blei nøye valde ut. Ei heilt ny nettside blei laga hausten 2016. I arbeidet med logo og ny nettside la styremedlem Tahani Siddik Berge ned eit stort arbeid.
NorSahel har ei Facebook side som i 2016 har blitt regelmessig oppdatert og der mykje informasjon. Sida har over 750 følger. Ansvarlege for denne sida har vore Anne Thorild Omland.
NorSahel har i løpet av 2016 gitt ut nyhetsbrev ved to anledningar, sommaren 2016 og jul 2016. Desse er sendt ut via e-mail og nokre få er sendt via post til adresser vi har av gjevarar og støttespelarar. Styret har bestemt at NorSahel skal gje ut minst to nyhetsbrev i løpet av året. Vidare har NorSahel sendt ut ei rekke takkebrev til givarar på slutten av året og til nokre større gjevarar for gåver over 3000 NOK i løpet av året. I alt har NorSahel samla inn nær 200 000 i gåver frå enkeltpersonar, arrangement og ekstragåver.

## Prosjekt

Innleiing:

NorSahel har i året som har gått langt stor vekt på dei prosjekta som vi har i Mali og forsett arbeidet med å etablere seg enno betre i landet. Vi har ein veldig dyktig lokal partnar og vi har dyktige medarbeidarar. Vi har vidare arbeidd haust 2016 målretta mot å gjere betre regnskapsflyten mellom Mali og Noreg og revidert prosederer for å styrke oppfølging og kontroll.

**Prosjektet sykkel:**

Sykkelprosjektet fekk inn over 100 000 i øyremerka gåver i 2016. Dette prosjektet blir berre drive på innsamla midlar og prosjektet har låg administrasjons-ande, berre ca. 10 %.
I 2016 blei det til saman kjøpt inn 110 syklar, 70 av desse gjekk til Tambaga ungdomskule, og 40 gjekk til ungdomskulen i Kokofata. Sistnemnde er ein ny skule for prosjektet. I Kokofata er det ca. 300 elevar ved ungdomskulen og denne er nabokommune til Tambaga, ca. 15 km frå Tambaga.
Prosjektet legg stor vekt på at syklane skal delast ut til jenter, dette har blitt godt etablert i Tambaga og andel jenter på skulen der har gått betydeleg opp, frå under 20% til over 30 på 3 år. Talet på elevar ved Tambaga ungdomskule har også auka kraftig dei seinare år, frå 254 i 2014 til 374 i 2016.
Det er utarbeida eige regelverk for sykkelprosjektet. Dette regelverket har gått gjennom både kommunestyret og skuleleiinga i Tambaga. Regelverket er heilt sentral del av dette prosjektet og er no nyleg blitt revidert og ligg på nettsidene i norsk versjon.
Kokofata ungdomskule har også underteikna regelverket. I Kokofata, som i byrjinga i Tambaga, bestemte skulen sjølv at ein del gutar med lang avstand til skulen skulle få sykkel. Styret har bestemt at det også i Kokofata skal satsast sterkt på jentene og vil ha ein strategi der jenter blir prioritert. Andelen jenter på ungdomskulen i Kokofata er ca. 20%, altså same andel som var i Tambaga ved prosjektoppstart der. Målet er dermed å få denne andelen opp og gje fleire jenter moglegheit til både å gå på skulen og fullføre denne.

NorSahel (Norsk Sahel Sjølvhjelp Organisasjon)
Åsen, 3855 Treungen, Norway
Mobil: + 47 90171814/+4792550149
Webside: www.norsahel.no
Mail: post@norsahel.no

Eksempel frå India viser at sykkel-prosjekt ala det NorSahel har køyrt i Tambaga i over 3 år no, kan få mange positive konsekvensar.
Alt i alt viser sykkelprosjektet til NorSahel at ein med forholdsvis beskjedene midlar kan utgjere ein forskjell.
Året 2016 blei prega av at NorSahel fekk fleire store enkeltgåver, av desse var Fiskå skule størst, dei samla inn 50 000 til syklar.

**Prosjektet Nyfødd:**
Gjennom programmet HBB I som vart starta i 2015 og avslutta i mai 2016 fekk 5 nasjonale mentorar, 45 lærere og 305 jordmødrer/fødselshjelperar i Kati helsedistrikt fått opplæring i metoden HBB. I tillegg har prosjektet arbeidd ved ein større fødselshjelpar/sjukepleiarskole i Kati og 235 elevar fått innføring i metoden. Opplæringane har blitt gjennomført no i vår og fekk merksemd i fleire medier i Mali, mellom anna nasjonalt TV. Prosjektet og forsking er eit gjort i samarbeid med PFI(Pediatrisk Forskingsinstitutt, UiO) og ei ekspertgruppe følger opp prosjektet. Prosjektet samarbeider veldig tett med maliske helsemyndigheter på alle nivå. Nesten 600 har fått opplæring gjennom dette prosjektet I Mali! Prosjektet har gitt opplæring til fødselspersonell ved 1 sjukehus, 33 helsestasjonar og over 50 fødestuer spreidd over heile Kati helsedistrikt som teller over 600 000 innbyggarar. Ei evaluering vart gjennomført i mai 2016. Den viste at behovet for opplæring var stort innan feltet nyfødt helse rett etter fødsel. Vidare peikte den på at den nye kunnskapen og det nye utstyret raskt blei tatt i bruk på dei fleste helsestasjonar og fødestuer. Evaluering sa at på det er behov for meir opplæring og kunnskap på området, og den understreka at maliske helsemyndigheter på alle nivå ynskjer dette prosjektet.
Prosjektet fortsette med fornya prosjektstøtte frå Kavlifondet i juni 2016. Kavlifondet gav støtte for 2 nye år, det såkalla HBB II prosjektet. Med intensjon om 2 år utover dette. Vidare har prosjektet støtte frå Laerdal-stiftelsen, Laerdal Foundation. Denne siste støtta er gitt i namnet til NorSahel, men blir forvalta av PFI for forsking på resultat. Med det nye prosjektet HBB II vil NorSahel gå inn i 2 nye og store helsedistrikt i tillegg til å utvide arbeide til to større helsefagskular for jordmødrer og sjukepleie i Mali
NorSahel har i 2016 organisert to seminerer i Dakar, Senegal. Desse seminara burde i utgangspunktet vore organisert i Mali, men sikkerheits-situasjonen i Mali har gjort til at vi har flytta seminara til Dakar. Desse seminara har vore ein nøkkel i kontakten mellom maliske helsepersonell og norske legar
Spesielt vil vi nemne seminaret i juli 2016. Her deltok 7 personar frå Mali (5 legar og 2 prosjektpersonell), 4 frå ekspertgruppa i Norge, American Academy of Pediatrics(AAP) og Laerdal Global Health frå Norge. NorSahel organiserte dette seminaret som markerte det første seminaret i Afrika for den nye metoden HBB 2.0. Susan Niermeyer, hovudredaktør og professor, kom frå USA på AAP si rekning og var hovud foredragshaldar og stor inspirator for dette seminaret. HBB 2.0 metoden er ei vidareutvikling av HBB metoden og byggjer på årevis med forsking og erfaring frå felt. Materiellet er skrivi om. NorSahel blei haust den første som omsetje materiellet til fransk, og fekk hjelp av Laerdal Global Health med det grafiske.
På seinhausten blei også endeleg prosjektet HBB Mali godkjent av REK, etisk råd i Helse Sør-Øst. Det betyr veldig mykje for arbeidet i Mali og dagleg leiar var involvert i søknad om godkjenning i samarbeid med Pediatrisk Forskingsinstitutt og Ola Didrik Saugstad og Marthe Eielsen.

Medlem av ekspertgruppa og lege Mari Innerdal er i ferd med å skrive ein artikkel frå det første prosjektet. Artikkelen er ikkje publisert, men innhaldet er kjent. Fleire av resultata viser at det første prosjektet har oppnådd oppsiktsvekkande gode resultat med tanke på nyfødt dødelegheit og ikkje minst med tanke på død-født raten. Artikkelen vil bli publisert i løpet av våren 2017.

## Fortsatt drift
Føresetnad om fortsatt drift er til stades, og årsregnskapet for 2016 er satt opp under denne føresetnaden.

## Årsrekneskapen for 2016

Organisasjonen blir i stor grad driven av frivillige i Norge. NorSahel samla i 2016 inn meir enn 200 000 NOK i gåver, dette meir enn 2015. Vidare fekk NorSahel prosjektstøtte frå først og fremst Kavlifondet og noko frå Pediatrisk Institutt, Universitet i Oslo. I tillegg fekk NorSahel over 400 000 av Laerdal Foundation i Stavanger, desse siste pengane har vorte nytta til forsking inn mot prosjektet i samråd med PFI og ekspertgruppa. NorSahel har ei avdeling i Mali med 2 tilsette, stadleg representant og prosjektleiar for nyfødt. I Noreg har NorSahel ved styret engasjert dagleg leiar for å arbeide på timebasis og i deltid for å arbeide spesifikt med nyfødt prosjekt. Dagleg leiar har såleis ikkje tatt ut løn frå administrasjonen i organisasjonen. Andelen som er blitt brukt til administrasjon i 2016 vart ca. 9 %. Dette er i nærleiken av der NorSahel bør og skal være med tanke på administrasjons-utgifter. NorSahel har ikkje betalt dagleg leiar for denne funksjonen. NorSahel ynskjer å auke inntektene for 2017, både frå private og offentlige, for å styrke organisasjonens føremål.

## Likestilling

4 av dei faste medlemmene av styret er kvinner. Prosjektleiar for nyfødt-prosjektet i Mali er ei kvinneleg jordmor. I tillegg driv organisasjonen kvinneretta prosjekt i Mali både via sykkelprosjektet som er spesielt retta mot jenter og ved at nyfødt prosjektet arbeider på en sjukepleiarfagskule, der 80 5 av elevane er kvinner. Organisasjonen har satt eit spesielt fokus på utdanning av jenter i Mali.

## Resultatdisponering

NorSahel sitt resultat for 2016 blir overført til neste år og vil utan avvik bli brukt til å fremje organisasjonen sine mål.

Styret i Norsahel Treungen / Kr. sand 22/5 -2017

Øyvind Johannes Hope
styreleder

Anne Torhild Omland
styremedlem

Øyvind Tveit
styremedlem

Anita Haugstad Haugsjå
styremedlem

Kristin Oddbjørg Parkinson Vågen
styremedlem

Hølje Haugsjå
daglig leder

NorSahel (Norsk Sahel Sjølvhjelp Organisasjon)
Åsen, 3855 Treungen, Norway
Mobil: + 47 90171814/+4792550149
Webside: www.norsahel.no
Mail: post@norsahel.no

EY
Building a better working world

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6, NO-0191 Oslo
Postboks 1156 Sentrum, NO-0107 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00
Fax: +47 24 00 24 01
www.ey.no
Medlemmer av Den norske revisorforening

# UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til styret i Norsahel

## Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Norsahel som består av balanse per 31. desember 2016, aktivitetsregnskap og oppstilling av endringer i egenkapital for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i avsnittet *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av organisasjonen i samsvar med de relevante etiske kravene i Norge knyttet til revisjon slik det kreves i lov og forskrift. Vi har også overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon

Øvrig informasjon omfatter informasjon i organisasjonens årsrapport bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for øvrig informasjon. Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet eller kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den ellers viser seg å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende. '

### Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvikle organisasjonen eller legge ned virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil og er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll;
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av organisasjonens interne kontroll;
- vurderer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige;
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om organisasjonens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det foreligger vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet. Hvis slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, må vi modifisere vår konklusjon. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at organisasjonens evne til fortsatt drift ikke lenger er til stede;
- vurderer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettvisende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen, tidspunktet for vårt revisjonsarbeid og eventuelle vesentlige funn i vår revisjon, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom vårt arbeid.

## Uttalelse om øvrige lovmessige krav

### Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

### Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Oslo, 7. juni 2017
ERNST & YOUNG AS

Kjetil Andersen
statsautorisert revisor



A member firm of Ernst & Young Global Limited

# Selvevaluering

**År 2016**

*Del 1 «Fast»*

| | Spørsmål | JA | NEI | i/a |
|---|---|---|---|---|
| A | Har organisasjonen egne vedtatte Etiske retningslinjer? | X | | |
| B | Er det krav om (rutiner for) at det må være minst to personer for å kunne foreta utbetalinger fra organisasjonens bankkonto? | X | | |
| C | Er det spesielle rutiner for å sikre at bidrag fra mindreårige og «eldre» blir håndtert på en etisk forsvarlig måte? | | X | |
| E | Drives det virksomhet med aktiviteter utenfor Norge? | X | | |
| F | Gjøres opptellingen av innsamlede midler, og dokumentasjonen av dette, av minst to personer? | X | | |
| H | Er det sammenfallende personlige eller økonomiske interesser mellom organisasjonenes ledelse eller ansatte og mottakere av innsamlede midler? | | X | |
| J | Har organisasjonen spesielle skrevne rutiner for håndtering av mottatte eiendeler som eiendom, kunst, antikviteter, verdipapirer? | | X | |
| K | Mottar organisasjonen Momskompensasjon? | | X | |
| L | Har organisasjonen lønnede ansatte? | X | | |
| Q | Har styremedlemmer trukket seg i løpet av året? | | X | |
| R | Har det vært skifte av revisor i løpet av året? | | X | |
| | | | | |
| | | | | |

*Del 2 «Variabel»*

| | Spørsmål | JA | NEI | i/a |
|---|---|---|---|---|
| a | Er organisasjonens egne vedtatte Etiske retningslinjer mer omfattende enn de «standardiserte» fra Innsamlingskontrollen/Norges Innsamlingsråd? | X | | |
| b | Følges det opp at minst to personer er nødvendig for å foreta utbetalinger fra organisasjonens bankkonto? | X | | |
| d | Har organisasjonen på forhånd tenkt igjennom (risikovurdert) og etablert rutiner for hvorledes «kriser» skal håndteres, eks kidnapping, sabotasjer, større ulykker? | X | | |
| e | Foretas det stedlig kontroll av prosjekter i utlandet? | X | | |
| g | Blir dokumentasjonen for opptellingen av innsamlede midler kontrollert mot kontoutskrift fra banken? | X | | |
| h-1 | Er det inngått avtaler, kontrakter eller liknende mellom organisasjonenes ledelse eller personer/selskaper disse har en personlig eller økonomisk tilknytning til og organisasjonen? | X | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Ansettelsesavtaler som inneholder andre elementer enn fast lønn og normale godtgjørelser tilknyttet stillingen faller innenfor denne kategorien. | | | |
| h-2 | Er transaksjoner som omfattes av pkt h-1 verdisatt iht prinsippet om «armlengdes avstand» - markedspris? | X | | |
| i | Har organisasjonen skrevne regler om habilitetskonflikter? | X | | |
| j | Er det i året mottatt *«vesentlige eiendeler»*, som f.eks. fast eiendom (hus, leilighet, hytte e.l.) samt eiendeler som kjøretøyer, malerier, kunst, større forbruksgjenstander, som er registrert som inntekt i årets regnskap? | | X | |
| k - 1 | Føres mottatt Momskompensasjon på egen linje i regnskapet? | | X | X |
| k - 2 | alternativt føres momskompensasjonen til reduksjon av kostnadslinjer? | | | |
| l | Er i tillegg til lønnede ansatte også frivillige medtatt i notekravet om opplysning om antall årsverk? | | X | |
| m | Benytter organisasjonen «telefonsalg»? | | X | |
| n - 1 | I «markedsføringen» av organisasjonen, gis det opplysninger om innsamlingsprosent, andel anvendt til formålet, etc? | | X | |
| n - 2 | Hvis JA på spsm n – 1, er største oppgitte andel «anvendt til formålet» gjennom året **(sett x i boks under)**<br>0 – 35% \| 35 – 65% \| 65 – 85% \| Over 85% | | | |
| n - 3 | Kan det %-vis anslås hvor stor del av de innsamlede midler som går til det oppgitte formålet («givers hensikt»)? | X | | |
| o-1 | Har organisasjonen formålskapital med eksternt pålagte restriksjoner? | | | X |
| o-2 | Har organisasjonen formålskapital med selvpålagte restriksjoner? | | | X |
| o-3 | Er det beskrevet hvordan organisasjonen overholder de eksternt pålagte restriksjonene? | | | X |
| o-4 | Er det beskrevet hvordan organisasjonen overholder de selvpålagte restriksjonene? | | X | X |
| p-1 | Har organisasjonen i løpet av de siste 3 år avdekket korrupsjon, underslag eller annen økonomisk mislig adferd eller forsøk på det? | | X | |
| p-2 | Har organisasjonen etablert interne rutiner for varsling om irregulære forhold eller korrupsjonsmistanke? | X | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

INNSAMLINGSKONTROLLEN
GODKJENT